

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Teams
Dato: 31.01.2022
Tidspunkt: 09:00 – 11:00

Eventuelt fråfall må meldast snarast til Kari Sveen eller Eldrid Nedrelo.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Sekretariatet gjer merksam på at ei referatsak manglar i saklista på grunn av tekniske problem med journalføring av e-postar etter oppgradering av ePhorte. Dette gjeld referatsak:
Utladalen landskapsvernområde – Utsiktspunkt Vettisfossen – Forslag til endeleg forprosjekt – Dronninga Landskap.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2022	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2022	Referatsaker		
RS	Ny oppnevning av medlem og varamedlemmer - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2020/3369
RS	Utladalen landskapsvernområde - klagevurdering og innspel til etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen		2019/12439
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Vurdering og førespurnad - Eigarskap til installasjon		2019/12439
RS	Oppsummering Jotunheimen Ultimate Challenge 2021		2020/3536
RS	Jotunheimen NP - Dieselfrie turisthytter - Innspill fra DNT Oslo og Omegn - Vurdere solcelleanlegg Gjendebu		2021/6460
ST 3/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2022		2022/968
ST 4/2022	Deling av Innlandet fylkeskommune - uttale		2021/13049
ST 5/2022	Jotunheimen NP - dispensasjon - utplassering av båt - Reinstindvatnet - Åsne Dalåmo		2021/10006
ST 6/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Gravearbeid i området rundt Gjendebu Turisthytte - DNT Oslo og Omegn		2021/12482
ST 7/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Organiserte turar - Jotunheimen Husky Lodge		2022/525
ST 8/2022	Eventuelt		

ST 1/2022 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 2/2022 Referatsaker

Ny oppnevning av medlem og varamedlemmer - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2020/3369

Utladalen landskapsvernområde - klagevurdering og innspel til etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen 2019/12439

Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Vurdering og førespurnad - Eigarskap til installasjon 2019/12439

Oppsummering Jotunheimen Ultimate Challenge 2021 2020/3536

Jotunheimen NP - Dieselfrie turisthytter - Innspill fra DNT Oslo og Omegn - Vurdere solcelleanlegg Gjendebru 2021/6460

Arkivsaksnummer: 2022/968-1

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 21.01.2022

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2022, med fastsetjing av dato der det er fleire alternativ å velja i:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
31. januar		Teams. Møteplan og innkomne saker.
7. mars	14. mars	Budsjett 2022, prioritere tiltaksmidlar.
13. juni	20. juni	Styremøte og synfaring, Vågå
12. - 13. september	5.-6. september 19.-20. september 26.-27. septemer	Styremøte, synfaring og rådgjevande utval Vang.
28. november	14. november	Styremøte, søknad om tiltaksmidlar, stad?
12. desember	5. desember	Ved behov, Teams-møte

Møtekalendaren blir supplert med møte i Arbeidsutvalet dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Samanstilt kalender som viser datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting, fylkesutval og fylkeskomitear, og ut frå dette aktuelle ledige datoar.

Vurdering

I møteplanen må ein prøve å unngå datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting og fylkesutval og fylkeskomitear. Dette er møte der både fast representant og vararepresentant vil vera opptekne samtidig. Ut over dette må ein kunne rekne med å nytte ordninga med vararepresentant i enkelte høve.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

Ein har ikkje praktisert ordning med møteplan for Arbeidsutvalet, då desse møta vil vera styrt av saker som kjem inn. Dersom det kjem hastesaker som er av slik karakter at dei ikkje bør delegerast, kan ein i samråd med leiar vurdere ekstra styremøte. Desse blir gjerne gjennomført som telefonmøte eller e-postmøte.

På bakgrunn av møtekalender lagt ut på kommunale og fylkeskommunale nettsider har ein prøvd å finne ledige datoar.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/13049-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	4/2022	31.01.2022

Deling av Innlandet fylkeskommune - uttale

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg nøytrale når det gjeld ei eventuell deling av Innlandet fylkeskommune.

For arbeidet i nasjonalparkstyret har det lite å seie om fylkeskommunen held fram som ei samla eining gjennom Innlandet fylkeskommune, eller om det blir sett i gang ein prosess for oppsplitting til Hedmark fylkeskommune og Oppland fylkeskommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Høyringsbrev av 17.12.2021 frå Innlandet fylkeskommune, med bakgrunnsdokument.

Saksopplysningar

I samarbeidsavtalen mellom Arbeiderpartiet og Senterpartiet for fylkestingsperioden 2019 - 2023 står det følgjande om fylkesorganiseringa:

«Dersom det kommer et initiativ fra Stortinget om oppløsning av tvangssammenslåtte fylker, skal fylkestinget på nytt ta opp og ta stilling til om det er ønskelig å reversere sammenslåingen av Oppland og Hedmark». Høsten 2021 ble det gjennom Sttingsvalget grunnlag for å danne en ny regjering bestående av Arbeiderpartiet og Senterpartiet. Den nye regjeringen åpner for at tidligere sammenslåtte fylker, kan be Stortinget om å oppløse fylkene dersom det er politisk flertall i fylkestinget for å gjøre dette».

I sak for fylkestinget om å ta stilling til spørsmålet om å dele Innlandet vedtok Fylkestinget i desember å utsetja saka til nytt møte 22.-24. februar 2022. Før endeleg behandling av saka skal det gjennomførast ei rådgjevande folkeavstemming om ei eventuell oppløysning av Innlandet fylkeskommune. I pkt. 5 i vedtaket blir det vidare lagt føringar for ei høyring:

«5. For å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag til fylkestinget i februar 2022, bes fylkesutvalget om å gjennomføre en høringsrunde blant kommuner, fylkeskommunale råd, organisasjoner og andre, samt at det gjennomføres en undersøkelse blant medarbeiderne i Innlandet fylkeskommune.»

Det er sett uttalefrist 31.01.22. Det blir også bli invitert til digitalt høyringsmøte 3. februar.

I saksframlegget frå Fylkeskommunedirektøren er det gjort grundig greie for formelt grunnlag og framgangsmåte for ei eventuell deling. Saksframlegget omhandlar vidare følgjande tema:

- *Innlandet fylkeskommune – status og konsekvenser av deling*
- *Regional utvikling – fylkeskommunens rolle*
- *Samfunnsutviklerrollen*
- *Organisatoriske konsekvenser*
- *Personalsituasjonen*
- *Økonomi*
- *Konsekvenser av deling innenfor de ulike ansvarsområdene*
(Samferdsel, Tannhelse, Kompetanse, Kultur, Næring og internasjonalt samarbeid, Samfunnsutvikling, plan, klima og miljø)

Heile saksframlegget:

<file:///C:/Users/fmopksv/Downloads/En%20eventuell%20oppl%C3%B8sning%20av%20Innlandet%20fylkeskommune.PDF>

Det blir i saka m.a. framheva at organiseringa vart gjort med verknad frå 1. januar 2020, og at ei evaluering etter berre to år ikkje vil kunne vise dei samla effektane av samanslåinga. Covid-situasjonen som har prega organsiasjonen mesteparten av tida med Innlandet fylkeskommune, har også gjort sitt til at det er vanskeleg å vurdere den nye ordninga opp mot tidlegare organisering.

Etter ei samla vurdering tilrådde Fylkeskommunedirektøren overfor fylkestinget at det ikkje skulle setjast i gang ein prosess med søknad om oppdeling av Innlandet fylkeskommune. Ved behandlinga vart det eit knapt fleirtal for folkeavstemming og høyring før ein gjorde endeleg vedtak i saka.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem verneområdet, direkte eller indirekte.

Vurdering

For arbeidet i nasjonalparkstyret har det lite å seie om fylkeskommunen held fram som ei samla eining gjennom Innlandet fylkeskommune, eller om det blir sett i gang ein prosess for oppsplitting til Hedmark fylkeskommune og Oppland fylkeskommune.

Ein hadde eit greitt samarbeid med Oppland fylkeskommune før samanslåinga, og har ikkje registrert endringar som er relevante i høve til nasjonalparkforvaltninga etter at dei to tidlegare fylka vart samanslegne til Innlandet. Innlandet fylke er representert i administrativt kontaktutval, og fungerer på same vis som med tidlegare Oppland fylkeskommune. Det fylkeskommunale nivået er også representert i nasjonalparkstyret, og ved oppnemning av representantar synest det å bety lite om desse kjem frå eit større fylke enn dei gjorde under den fylkesinndelinga som var fram til 01.01.2020. Det vesentlege er at dei som blir oppnemnde til å representere fylkesnivået er engasjerte i nasjonalparkforvaltninga, uavhengig av om dei kjem frå ei stor eller ei noko mindre forvaltningseining.

Dersom nasjonalparkstyret meiner at fylkesinndelinga betyr så mykje at styret bør kommunisere eit bestemt syn på framtidig organisering, vil forvaltarane bidra til å utforme ein uttale basert på synspunkta som kjem fram i møtet.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/10006-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 13.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	5/2022	31.01.2022

Jotunheimen NP - dispensasjon - utplassering av båt - Reinstindvatnet - Åsne Dalåmo

Innstilling frå forvaltar

Åsne Dalåmo får med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. l) løyve til å ha båt liggande ved Reinstindvatnet, på følgjande vilkår:

- Løyvet vert gjeve for ein periode på 4 år – for åra 2022-2025, med høve til forlenging gjennom delegert vedtak frå forvaltar, dersom det ikkje oppstår ein situasjon som krev endra vurdering.
- Båtar med godkjent opplag i nasjonalparken blir registrert i vedlegg til revidert forvaltningsplan; jf. retningslinjer for utplassering av båtar, sak 49/2014
- Forvaltningsstyresmakta har registrert båten med bilete og kartfesting.
- Båten skal lagrast best mogleg skjerma og merkast med namn/adresse på eigar.
- Dersom bruken opphøyrer, har eigar ansvar for at båten blir fjerna.

Dette løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Ein føreset at grunneigar/Statskog godkjenner plasseringa, sidan saka gjeld vidareføring av etablert tiltak.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rapport fra oppsynstur 24.08.21 – registrering av båt - Reinstindvatnet
- Søknad av 01.11.21 frå Åsne Dalåmo
- Uttale frå Lom fjellstyre, 23.11.21, sak 45/2021
- Sak 49/2014 *Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Prinsippsak - Utplassering av båtar og oppbevaringskasser for fiskeutstyr innan verneområda*

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltar tok etter melding frå fjelloppsynet kontakt med familien til tidlegare eigar av ein båt som ligg i opplag ved Reinstindvatnet, med spørsmål om eventuelle planar for båten. Med bakgrunn i dette har Åsne Dalåmo søkt om å få ha båten liggande.

I sak 49/2014 vart det gjort følgjande prinsippvedtak når det gjeld utplassering av båtar:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg positive til utnytting av fiskeressursane i verneområda. Det bør så langt det er råd leggjast til rette for felles bruk av båtar ved vatn med garnfiske, slik at ikkje alle treng å ha eigen båt.

Nye løyve kan berre gjevast for vatn/tjern med garnfiske, og løyve skal vera tidsavgrensa til 4 år om gongen.

Det må søkjast om fornying innan utløp av løyveperioden.

Båtar som ikkje lenger er i bruk eller ikkje er søkt for fornya løyve, skal fjernast.

Godkjende båtar skal merkast med eigaren sitt namn, og ved utplassering skal det leverast bilete til fjellstyret og nasjonalparkforvaltninga for at ein betre skal kunne følgje opp med fjerning av det som ikkje lenger er i bruk.

Nasjonalparkstyret er skeptisk til etablering av faste installasjonar, og garnkasser må ikkje vera større enn at dei får rom under ein kvelvd båt. Eventuelle garnkasser lagrast saman med båten.

Øydelagde båtar og restar av anna utstyr skal fjernast. Kommunen kan som forureiningsstyresmakt kontaktast for hjelp til oppfølging i medhald av forureiningslova § 37 dersom eigar ikkje sjølv fjernar utrangert utstyr.

Retningslinjer for utplassering av båtar må innarbeidast i revidert forvaltningsplan.»

Bilete frå oppsynet viser båten slik han framstår i landskapet.



Lom fjellstyre har gjeve slik uttale angående søknaden:

«Fjellstyret er i utgangspunktet restriktive til utplassering av båtar på vatn som ikkje er opna for garnfiske, særskilt når dette gjeld vatn som ligg innanfor verneområda. Denne båten har truleg lege her i mange år, fjellstyret meiner difor at denne saka er spesiell og har kome fram til å tilrå at det blir gjeve løyve for 4 nye år.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14

Verneforskrifta § 3, pkt. 1.1 har i utgangspunktet forbod mot utplassering av båtar:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

*Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, **opplag av båtar**, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

§ 3 pkt. 1.2. listar opp tiltak som er unnateke det generelle forbodet:

Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

. . . f) Opplag av båtar i samsvar med forvaltningsplan.

Pkt. 1.3 l) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

l) Opplag av båtar som ikkje er i samsvar med forvaltningsplan.

Forvaltningsplan

Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008) har ikkje særlege føringar for denne typen tiltak, da reglane om båtar kom inn ved forskriftsrevisjonen i 2014.

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar blir vurderte opp mot nml §§ 8-12.

Presedens

Det vart i 2014 vedteke ei prinsippsak når det gjeld lagring av båtar innan verneområdet. Saka gjeld eit etablert tiltak, og det vil såleis ikkje koma mange tilsvarande saker. Nye etableringar blir vurderte i kvart enkelt tilfelle. Fjelloppsynet har gjeve opplysningar til register over etablerte båtar, og det er i alt 8 båtar utanom denne som tilhøyrrer privatpersonar. I tillegg er det båtar tilhøyrande fjellstyret, Lom Tamrein AS, eit båtlag og Vågå Røde Kors.

Vurdering

Generelt om båtar i verneområdet:

§ 3 pkt. 1.2. f) seier at utplassering i tråd med forvaltningsplan ikkje krev særskild løyve, men verken vedteken forvaltningsplan frå 1998 eller utkastet frå 2008 definerer kva båtar dette gjeld. Ein vel derfor å behandle søknaden etter pkt. 1.3. l), sjølv om det gjeld ei eksisterande plassering. Etter enkeltvedtak om godkjenning vil godkjende båtar kunne plasserast inn under § 3 pkt. 1.2 f). Ved revisjon av forvaltningsplanen må ein få på plass eit godt system som gjev oversikt på alle utplasserte/godkjende båtar og ein utsjekk av status kvart fjerde år, i tråd med vedtekne retningslinjer i sak 41/2014. I prinsippsak om utplassering av båtar og

tilhøyrande utstyr vart det etter høyring lagt vekt på at løyva for utplassering av båt måtte vera tidsavgrensa. Det vart tilrådd at løyvet må vurderast på nytt etter ein periode på 4 år. Ei tidsavgrensing kan hindre at båtar som går ut av bruk blir liggande så lenge at ein til slutt mistar oversikten på kven som er eigar og har ansvar for fjerning av utrangert utstyr. Det må etablerast enkle og tydelege rutinar, slik at ein slepp omfattande saksbehandling der det berre er spørsmål om vidareføring av godkjende tiltak. Det enklaste er at forvaltninga har ansvar for å sende ut førespurnad til dei enkelte eigarane ved utløp av godkjeningsperioden, og får tilbake ei signert stadfesting om ønskje om å ha båt innan verneområdet for ein ny periode, med tilhøyrande ansvar for fjerning dersom båten går ut av bruk.

Vurdering av søknaden:

I saksframlegget til høyringsuttalen frå fjellstyret blir det m.a. orientert om at det ikkje er tillate med garnfiske på Reinstindvatnet, men at det i 2014 vart sett ut ca. 100 settefiskar av aure på vatnet, etter eit lengre opphald på utsetting frå 1966. Vatnet er med på lista over dei lokalitetane fjellstyret har løyve til fiskeutsetting på i Jotunheimen NP. Det står vidare i saka: *«Utplassering av båtar innanfor verneområda skal i utgangspunktet knytast til vatn/tjern med garnfiske, men i denne saka er det spørsmål om ein båt som allereie har lege her i mange år. Det at ingen, inkludert oppsynet, ikkje har lagt seg merke i han gjennom desse åra talar for at den er til relativt liten sjenanse for andre. Dersom båten bidreg til at fiskeressursen i vatnet blir nytta er det kanskje like greitt at den får ligge nokre år til.»*

Ein er samd med fjellstyret i at det kan akseptertast å ha båten liggjande, sidan det er eit etablert tiltak. For nye utplasseringar vil ein halde seg til retningslinjene og berre opne for plassar ved vatn der det er opna for garnfiske.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt brukbart. Det er ingen registreringar av særleg sårbare artar i nærleiken. Det er relativt lite ferdsel i området, så det er få registreringar i Artskart.
- Etter § 10 om *“Økosystemtilnærming og samlet belastning”* skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Det er samstundes viktig å leggje til rette for utøving av fiske. Det er landskapspåverknad, men det er ingen fast installasjon som set eit varig preg. Sidan det gjeld vidareføring av tiltak som var etablert før reglane om båtar kom inn i verneforskrifta, kan ein ikkje sjå at det skaper presedens for nye saker.
- § 11 om at *«kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»* er lite relevante
- § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: ikkje relevant.

Med løyvet følgjer ansvar for at båten blir fjerna dersom han blir øydelagt eller fell ut av bruk av andre årsaker.

Arkivsaksnummer: 2021/12482-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	6/2022	31.01.2022

Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Gravearbeid i området rundt Gjendebu Turisthytte - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for gjennomføring av ulike mindre tiltak ved Gjendebu Turisthytte.

Vedlikehald av bygningar og anlegg som skissert i tiltak A, F, G og H blir vurdert å vera vedlikehald heimla i verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 a), b) og c).

Tiltaka C, D og E gjeld overskottsmasse som følgjer av dei forskriftsheimla tiltaka, og blir godkjent etter naturmangfaldlova § 48, da dei er innan område med etablert bruk.

Det blir med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 d) gjeve løyve til kulvert på sti, tiltak B. Dersom det blir nytta plastrøyr, må dei kuttast og endane steinsetjast med naturstein. Følgjande vilkår gjeld for alle gravearbeida:

- All graving skal utførast mest mogleg skånsamt, og terrenget må setjast i stand etter utført arbeid.
- Overflatemasse med vegetasjon skal skrapast av og leggjast til side, og nyttast som toppdekke for revegetering der det ikkje er opparbeidd areal med grus/stein.
- Det skal ikkje såast til med tilført frø, jf. forbodet i verneforskrifta § 3 pkt.2.1.
- Skumglas eller annan tilført dreneringsmasse skal vera godt dekt over, og all overflødig masse skal samlast opp og fraktast ut ved avslutning av arbeidet.

Dispensasjon for motorferdsel i samband med utføring av gravearbeid blir gjort med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 i verneforskrifta. Det blir ikkje vurdert å vera i strid med verneformål eller gå ut over verneverdiane så lenge vilkår blir fylgd. Løyvet omfattar følgjande tiltak og vilkår:

- Transport av gravemaskin på strekninga Gjendesheim – Gjendebu T/R ved leige av feflåten til Storådalen beitelag.
- Bruk av gravemaskin ved dei enkelte gravepunkta nemnt A-G på kartvedlegg til søknaden. Grusing av eksisterande veg, tiltak H.
- Ved avslutning av gravearbeida skal tiltakshavar jamne til eventuelle køyrespor.
- Alt overskott av skumglas ved pkt. I skal samlast saman og transporterast ut av verneområdet, eller lagrast innandørs dersom det er plan for seinare bruk.

Område I vest for brygga blir godkjent for mellombels deponi, under føresetnad av at området blir rydda ved avslutta arbeid. Detaljar rundt deponiet skal avklarast ved felles

synfaring med tiltakshavar, fjelloppsynet, Gjendebåten og representant for nasjonalparkstyret. Nasjonalparkforvaltar har fullmakt til å opptre på vegne av styret.

Tiltakshavar har ansvar innhenting av løyve etter motorferdsellova når det gjeld gravearbeida dersom Lom kommune vurderer at det krevst eiga behandling for desse tiltaka.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaka.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad av 07.12.2021 frå DNT Oslo og Omegn

Saksopplysningar

DNT Oslo og omegn har søkt om diverse gravearbeid på Gjendebu sommaren 2022. Styrar Lars Åge Hilde har utarbeidd detaljert omtala av tiltaka i vedlegg til søknaden. Utdrag:

«Vedlegg til søknad om tiltak (graving og massedeponering) ved Gjendebu Turisthytte.

Tiltakshavar: DNT Oslo og Omegn

Utførande m/ansvarsrett: Brun Bygg, Vågå


Tidsplan:

2022, oppstart straks Gjendevatnet er isfritt (ultimo mai?), antatt maks to vekers anleggstid. Hensikta med tiltaket er å drenere langs hovudhuset på Gjendebu slik at det kan få ei forlenga levetid. Det har gjennom fleire år vore ulik grad av inntrenging av fukt på nordsida av hovudhuset, med utvasking av betongen som resultat. Planen er å fjerne eksisterande masse langs muren i ca 2,5 m djupne og 2 m breidde, legge på diffusjonstett lag på grunnmuren, drems rundt og ned mot Gjendevatnet på austsida, og fylle heile volumet med lett, drenerande masse (sannsynlegvis skumglass).


Når ein likevel har grave- og transportutstyr på Gjendebu er det om å gjere å utnytte det best muleg, både av økonomiske og miljømessige hensyn. Av same grunn er det ynskjeleg å kunne gjere seg nytte av den massa som skal erstattast, lokalt.

Det blir derfor her søkt om fleire mindre tiltak som tar sikte på å nytte både maskiner og masse. Dei er vist på kart nedanfor og vidare er kvart tiltak kommentert. Gravetiltak er markert med blått og fylling med rødt.»

Kartskisse vedlagt søknaden som viser plassering av tiltaka:



Detaljskisse - tiltak A, B, C, D, E:



Detaljskisse, tiltak F, G, H, I:



Omtale i vedlegg til søknaden:

A Hovudprosjektet

Eksisterande tunheller og -singel leggst til side og grunnmuren blir renska til under fundamentering. Diffusjonslag blir lagt på til litt over bakkenivå, og drenerør med fall mot aust rundt hushjørnet og ned til skråning mot Gjende der avslutninga blir skjult av naturleg steinfylling. Heile gropa blir fylt med skumglass og topplag av sålda originalmasse som blir dekt av singel. Vi antar at den fjerna massa har eit stort innhald av sand og grus, som for ein del kan såldast og nyttast på vegen mellom Gjendebu og Brygga (tiltak H)

Samtidig med gravinga langs huset er det ynskjeleg å ta ned terrenget på nord- og vestsida av stabburet ca 30 cm for å unngå råteskader på svillstokken. Topplaget leggst på plass igjen. Dette er imidlertid eit bagatellmessig tiltak som ikkje blir nemnt i det vidare. Det er rekna med at tiltaket vil gje 100-150 kbm med overskuddsmasse.

B Drenering av sti

Ca 50 meter vest for gjerde, på stien mot Leirvassbu, kjem det ned en liten bekk som renn ut i stien og følger den 30-40 meter. På sørsida av stien ligg det her store steinar som hindrar manuell grøfting. Med jord og ofte ekskrement frå storfe i stien er det på dette partiet vanskeleg å unngå å grise seg til. Det er uheldig at gjestene som kjem denne vegen drar med seg griseriet inn på hytteområdet, og særleg når Fjellstyret har lagt kavledekke lenger vest i stien slik at det elles er reinsleg å gå i området.

Vi ynskjer å bruke gravemaskin til å lage ein grunn kulvert tvers over stien for å drenere ut bekken. Steinar som må takast vekk på sørsida av stien kan deponerast på punkt E.

F Rensking av gml grøft

På dette punktet ligg ei gammal grøft som er gjengrodd av vier og einer. Distansen er ca 20 meter og rensking vil kunne gjere eit område her velegna til teltplassar. Det vil evt bli lagt ein grunn og open kulvert der grøfta går i dag. Overskuddsmasse til pkt C.

G Rensking av vegggrøft

Det er ynskjeleg å reinske vegggrøfta på deler av partiet som er merka blått. Overskuddsmasse til pkt I.

C Deponi – gml grøft

Ved C går det ei forsenking i terrenget – sannsynlegvis som følgje av at ein har hatt for lite masse til å fylle over vassforsyningsrøret til Gjendebu. Her ynskjer vi å fylle på / planere med dei mest jordhaldige massene. Tiltaket vil gje ekstra beskyttelse til vassforsyninga.

D Deponi – arbeidsområde

På dette området føregår det mykje arbeid med transport og vedproduksjon. Det er ynskjeleg å skrape av det mest humushaldige av topplaget og erstatte det med meir grusholdig masse frå A. På sikt kan deler av arealet også bli nytta til utviding av garasje/lager, og vi kan no sørge for at der blir byggeklar grunn på ein enkel måte.

E Deponi – grovmasse

Frå kanten av gammel fylling og nordover kan det plasserast ein god del grovmasse og stein. Dette området ligg godt skjerma frå alle kantar og er ideelt til utandørs lagring av IBC-containerar og anna utstyr som vi ikkje har plass til inne.

H Grusing av veg

Det vil være effektivt om ein del av overskuddsmassen kan brukast til nytt gruslag på vegen mellom Gjendebu og Brygga. Særleg den nyaste delen av vegen, markert med rødt på kartet, er tydeleg bygd av heilt lokale masser og er steinete og ujamn. Dette medfører auka slitasje på transportmateriell og risiko for å ødelegge varer som blir transportert der.

I Kortsiktig deponering av restmasse ved brygga

Gjendebåten AS har informert om at dei vil søkje om å få endre på brygga si. I den forbindelse vil dei antakeleg trenge mykje masse til å stabilisere konstruksjonen.

Vi ynskjer derfor at vår overskuddsmasse som ikkje blir nytta til andre føremål, kan deponerast i nærleiken av brygga slik at den kan nyttast der utan ny opplassing og flytting. Nøyaktig plassering må avtalast med Gjendebåten AS og Fjellstyret. Så vidt vi forstår er det tenkt oppstart av bryggeprosjektet i september 2022.

Massedeponi ved brygga vil også muleggjere ein god logistikk, ved at ein kan køyre masse ein veg og skumglass tilbake.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Inngrep – herunder gravearbeid

Forskrifta § 3 pkt. 1.1 set i utgangspunktet forbod mot alle inngrep i landskapet:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørtlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

§ 3 pkt. 1.2 viser vidare til at Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) *Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet*
- b) *Vedlikehald av stiar, merking, bruer, skilt og liknande i samsvar med forvaltningsplan.*
- c) *Vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med forvaltningsplan.*

§ 3 pkt. 1.3 d): Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- d) *Bygging av bruer og legging av klopper.*

Planteliv

§ 3 pkt. 2.1 – Vern av plantelivet: *«Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Såing og planting av tre og annan vegetasjon er forbode.»* Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i pkt. 2.3 b) gi løyve til: *«Planting og såing i samband med revegetering.»*

Motorferdsel

§ 3 pkt. 6.1 set i utgangspunktet forbod mot all motorferdsel. Det er ikkje spesifikke heimlar for transport og bruk av gravemaskin, så det blir behandla etter den generelle unntaksheimelen, som er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkast frå 2008, som blir brukt som rettleiande dokument, legg til grunn at *«Vanleg vedlikehald er tillate»* (kap. 8.2), men gjev ikkje spesielle føringar for gravearbeid.

For stiltak har planen følgjande føringar: *«Stiar oppstår gjennom trakk som fører til at vegetasjonen endrar seg og blir borte ved mykje trakk. Regnvatn som renn i stiane kan føre til erosjon og skade på stiane, til og med større sår i landskapet. I våte parti, som t.d. myr kan trakk føre til reine sumpen over tid. Der ein har særleg store problem med erosjon og trakkslitasje, er det naudsynt med tiltak for å hindre og evt. reparere skade. Det kan gjerast gjennom utlegging av trematerialar, ved bruk av stein o.a.»*

For motorferdsel er overordna føring at ein skal ha minst mogleg motorferdsel, og ein dispensasjonspraksis for samordning av transport er eitt av verkemidla for å oppnå dette.

Kap. 8.15.3 *Motorbåtar på Gjende* har følgjande omtale av kvegflåten som er planlagt nytta for inn- og uttransport av maskinelt utstyr:

«På Gjende er det ein kvegpram som eigast av Storådalen beitelag i Lom. For transport av

kveg til Gjendebu trengs det ikkje løyve, då dette er utøving av bruksrett. For anna transport (transport av materiale mv. til turisthyttene) krevs det dispensasjon frå verneforskrifta.»

Det er ikkje spesifiserte føringar for bruk av gravemaskin innan verneområdet, og transport og bruk må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen, dvs. nml § 48.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Eksisterande bygningar og anlegg har behov for jamleg vedlikehald. Dette vil nødvendigvis medføre behov for ulike tiltak, og ein vurderer derfor at slike tiltak ikkje har/medfører uheldig presedens. Det er etablert praksis å opne for bruk av nødvendige motoriserte hjelpemiddel i samband med vedlikehald av eksisterande bygg og innretningar.

Vurdering

Tiltak A ved hovudbygning og stabbur blir vurdert som nødvendig vedlikehald for å hindre fuktskader og førebygge forfall av bygningane Biletet under syner området på oversida hytta, der tiltak A er dreneringsgrøft på oversida av bygget i bakgrunnen. Som biletet illustrerer så er dette opparbeidd område med gangareal. Med tilbakeføring av heller og grus frå topplaget etter gjennomført drenering vil tiltaket knapt bli synleg.



Det er planlagt bruk av skumglas som dreneringsmasse. Det vil her vera viktig at slike tilførte masser får god overdekning av stadeigne masser og vegetasjon, og at all overskotsmasse

blir nøye fjerna ved avslutting av arbeidet. Ved mellomlagring av skumglas er det og viktig at det er sikra mot overfløyning av vatn. Skumglas er lett materiale som kan blir ført av garde med overflatevatn dersom det blir mykje nedbør. Må derfor lagrast i storsekk, eller ved mellombels innretning som held massane på plass under alle vertilhøve.

Nedlegging av kulvert i stien ved markering **B** vil truleg vera den mest effektive løysinga for å leie bort vatn frå stien. Alternativet med klopplegging vil bety synleg tiltak over ei lengre strekning, og vil truleg også krevje meir ettersyn sidan det går ein del storfe i området. Kulverten betyr at ein må fjerne noko stein i kanten, men inngrepet er hovudsakleg i område med eksisterande påverknad, og vil vera fornuftig når ein først har gravemaskin i området. Stien er såpass brei og opptrakka at maskinen neppe vil setja ekstra spor. Eventuelle køyrespor må jamnast til.

Tiltak C og D er på område prega av eksisterande bruk, og foreslåtte tiltak vil i liten grad verke inn på landskap og verneverdiar. Deponi ved område E synest å vera ei grei plassering av eventuell overskottsmasse. Plassen er skjerma mot innsyn.

Tiltak F og G gjeld vedlikehald av eksisterande grøfter, og blir vurdert å vera i heimla i § 3 pkt. 1.2. a) og c).

Tiltak H - Bruk av eigna overskottsmasse til grusing av vegen - blir vurdert å vera heimla i § 3 pkt. 1.2 c)

For tiltak I - *Kortsiktig deponering av restmasse ved brygga* – er det viktig å sjå det i samanheng med planlagt utbetring av brygga for Gjendebåten. Det bør gjennomførast ei, felles synfaring med fjelloppsynet, Gjendebåten og Gjendebu/Brun Bygg for avklaring av nødvendig samordning og plassering av ansvar for opprydding ved avslutting av arbeida. Nasjonalparkforvaltar bør få fullmakt til å representere styret på synfaringa. Representantar frå styret er også velkomne, men det vil her vera behov for å kunne gjennomføre synfaring på relativt kort varsel, slik at ein administrativ representant bør ha nødvendig fullmakt.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer innan område som allereie er i bruk for turisthytta og tilhøyrande tilkomstveg.

§ 9 Føre-var prinsippet: Dei omsøkte tiltaka er lokalisert i tilknytning til etablert bedriftsområde og etablert veg- og stignett. Ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet. Området har rikt planteliv, og det er viktig at dette blir verna mot framande artar.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel og inngrep i landskapet, men tiltaka gjeld eit dokumentert behov for å hindre forfall. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Dersom det ikkje er tilfredsstillande rydda etter anleggsarbeidet, kan tiltakshavar bli pålagt rydding. Gjeld i første rekke mellombels deponi (tiltak I) og oppsamling og uttransport av alt skumglas som ikkje blir nytta i dreneringsgrøft.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport knytt til anleggsarbeidet blir planlagt godt for å unngå unødige motorferdsel innan verneområdet. Dette synest å vera godt ivareteke ved at ein samlar fleire tiltak når ein først har gravemaskin inn i området og at det blir lagt opp til samordning med planlagt tiltak om fornying av brygga for Gjendebåten.

Det er ikkje søkt om tilsåing, Ein tolkar søknaden som at revegetering er planlagt ved å nytte stadeige materiale som toppdekke etter utført gravearbeid. Overflatemassar/vegetasjon som skal fjernast i samband med gravearbeidet bør leggest til sides (eventuelt samla på duk) og nyttast som overdekning der det måtte verta behov ved avslutning av gravearbeida.

Det skal ikkje såast til med tilført frømateriale, jf. verneforskrifta § 3 pkt.2.1.

Andre opplysningar

Motorferdsel vil i enkelte høve også krevje behandling av kommunen som myndigheit etter motorferdsellova. For transport på Gjende har Vågå kommune følgjande regel i kommunal forskrift til motorferdsellova av 04.03.1997/rev.11.03.2014, pkt. 3 b):

«På Gjende gjeld ikkje reglane i pkt. a for rutebåt «Gjendebåtane», båtferdsel som er heimla i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, samt gjeldande dispensasjonar frå verneforskrifta.» (vår understrekning). Med gjeldande dispensasjon frå verneforskrifta vil det dermed ikkje vera krav om kommunal behandling av transporten med feflåten.

For motorferdsel i samband med gravearbeida på strekninga frå brygga til tiltak B på stien, må Lom kommune vurdere om det krevst eiga behandling etter motorferdsellova.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaka.

Arkivsaksnummer: 2022/525-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	7/2022	31.01.2022

Jotunheimen NP - Organiserte turar - Jotunheimen Husky Lodge

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at omfang av hundekjøring innen nasjonalparken i regi av Jotunheimen Husky Lodge foreløpig er på et så lavt nivå at det er lite trolig at selve kjøringa vil gå ut over verneverdiene. Men når det gjelder leirslaging og overnattingsturer er det ut fra naturmangfoldlovas §§ 8-9 (kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet) viktig å unngå etablering av leirplass i nærheten av sårbare fuglelokaliteter.

Dette betyr at områdene rundt Veslådalen-Gjendebu-Storådalen, midtre og indre deler av Memurudalen og Leirungsdalen mot Knutshøe ikke brukes som leirplass på overnattingsturer. Dette fordi det rundt leirplassene vil være aktivitet over tidsrom på flere timer om gangen, og med gjentatte forstyrrelser kan det føre til at hekking uteblir eller avbrytes. Enkelte rovfuglarter starter forberedelsene til hekking allerede i månedsskiftet februar-mars, slik at disse områdene som ble registrert som sårbare i fagrapport av fra 2015 vil være sårbare i omtrent hele trekkhundseseongen.

For ferdsel på Gjende bør turene følge den stikka løypa midt på vannet, for å unngå at hundene forstyrrer viltet unødige. Siste del av vinteren er en sårbar periode for hjortevilt, og i Gjendeområdet er en hjortebestand som har tilhold i området gjennom hele året.

Generelt bør en i størst mulig grad unngå å transportere folk inn til turer innen de grønne sonene vist på kartvedlegg til forvaltningsplanen. De fredelige områdene i indre deler av nasjonalparken vil representere stadig mer verdifulle områder for vilt og fugl ettersom trafikken i randsonen øker, slik en har sett de seinere åra. Det å transportere skiløpere inn og ut for toppturer i de indre delene av nasjonalparken kan på sikt gi høg samla belastning (nml § 10). Dette er blant temaene som må vurderes nærmere i forvaltningsplanen.

Samla føringer for organisert ferdsel i nasjonalparken vil bli innarbeida i forvaltningsplanen som nå er under revisjon. Planforslaget vil bli sendt på høring, slik at det vil være en grundig prosess før en kommer fram til endelige regler for organisert ferdsel i forvaltningsplanen.

En vil komme tilbake til mer konkret behandling av søknader om organisert ferdsel innen nasjonalparken når revidert forvaltningsplan er på plass, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.2.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 13.01.2022 fra Øyvind Jakobsen, Jotunheimen Husky Lodge
- E-post av 14.01.22 - Kommentar fra fjelloppsynet i Lom
- E-post av 17.01.22 - Kommentar fra fjelloppsynet i Vågå

Saksopplysninger

I telefonsamtale med Øyvind Jakobsen i Jotunheimen Husky Lodge 12.01.22 ble det gitt orientering om verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og forholdet til organisert ferdsel.

Forskrifta er formulert slik at det kan være en vid tolkning av når organisert ferdsel vil behøve en dispensasjon. Forvaltninga ønsker derfor å få oversikt over organsiert ferdsel og etablere god dialog med aktørene for å utforme tydeligere retningslinjer for organisert ferdsel. Disse vil bli innarbeida i forvaltningsplanen, som er under revisjon.

For få en vurdering av hvorvidt hundekjøringa berører sårbare områder i nasjonalparken, ble vi enige om at Jotunheimen Husky Lodge sender en søknad med orientering om sin aktivitet i nasjonalparken.

Jakobsen har vært etablert i Randsverk i 2,5 år med firmaet Jotunheimen Husky Lodge AS. Om opplegget skriver han:

«Vi har rundt 40 alaska huskyer som er en viktig del av bedriften. Vi tar med oss gjester fra mange forskjellige land og har gleden av å vise frem Jotunheimen, vi selger turer fra 3 timer opp til 5 dager. De fleste har vi med på 3 timers opplegg men har i vinter booking på 5 dagers opplegget.

Vi har en plan A på alle turer, men vær, føre, tamrein og gjestens «tilstand» er også med på å bestemme hvor vi reiser.

Skal forklare litt om turene vi har i vinter som kan komme inn i Jotunheimen Nasjonalpark.

-Formiddagstur/ettermiddagstur: utenfor

-Dagstur:

Kan ved svært få anledninger nå nasjonalpark grensen i veodalen, men distansen blir for lang for de aller fleste gjester. (1 gang i fjor)

På våren starter vi på Valdresflye og da kan en håndfull turer gå innenfor nasjonalparken i Leirungsdalen.

-2 dagers turer:

Vi har pr. nå 5 stk 2 dagersturer booket. 4 av disse starter hjemmefra og er planlagt å gå inn i Veo dalen hvor vi overnatter og kjører hjem igjen. Plan b her er Refjellet og Murudalen.

1 tur starter 23. april og starter på Valdresflye og går ned til Bygdin inn i Vølodalen, Vennisstøldalen og tilbake Bygdin

-3 dagerstur: 1. til 3. april (1 tur)

Starter hjemmefra og kjører inn veodalen og overnatter på Glitterheim. Dag to kjører vi i området rundt Glitterheim, dag tre kjører vi hjem.

-5 dagerstur: 8. til 12. april (1 tur)

Starter Valdresflye, Bygdin, Tyin, Fondsbu, Olavsbu, Rauddalen, Veslådalen, Gjende.

-Ski/Hund: 19. til 20. mars.

Vi kjører taxi med hundespenn. Gjestene bor på Gjendesheim og har dagstur lørdag og søndag. Disse turene kan hundetansporten gå til: Memurubu, Gjendebu, Leirungsdalen, Russvatnet.

Toppturene kan gå opp på Besshøe, Surtningssue, Knutsholstinden, Kjønnholstinden. Her vil selvfølgelig vær og vind være med på å bestemme hvor turen går. Her er det seks gjester som er maks og tindeveileder Sondre Kvambekk er med som skiguide.

-Camp Husky: 7. til 8. mai.

Familietur som har en natt i telt. Lære om camplivet på snø for store og små, kjører korte turer og nyter våren. Utenfor nasjonalparken.

Her er det som er planlagt i vinter.

-På alle våre turer ønsker jeg å gi alle våre gjester litt mer kunnskap om Jotunheimen og dens flora og fauna.

-Det er også viktig for meg at vi ferdes så sporløst som mulig og at all søppel tas med ut igjen.

Alle overnattingsturer er planlagt med å følge stikka løyper.»

Fjellstyrene i Lom og Vågå v/ daglig leder er spurt om de har umiddelbare kommentarer til aktivitetene. Fjelloppsynet i Lom «*ser ikkje noko særskilte ulemper slik som omfanget er i dag, men tenkjer at Gjendebu-, Veslådalen- og Storådalen området bør skånast for kommersiell aktivitet som inkluderer rasteplassar/leirplassar/overnatting i yngle- og hekkeperioda for rovfugl. Dette same gjeld midtre- og indre delar av Memurudalen.»*

Når det gjelder framtidig utvikling av kommersiell aktivitet ønsker fjelloppsynet å vurdere bruken av de sentrale og urørte sonene av nasjonalparken nærmere, og bruke forvaltningsplanen til å utarbeide retningslinjer som kan regulere ferdselen dersom det blir nødvendig.

Fjelloppsynet i Vågå slutter seg til kommentaren fra Lom, og mener at det av hensyn til fuglelivet særlig bør vurderes om Leirungsdalen bør skjermes mot denne typen kommersiell bruk. Videre anmodes det om at organisert bruk av hundespenn på Gjende bør følge stikka løype, også på dagsturer. Dette for å unngå ferdsel med hunder nær land, spesielt av hensyn til hjortebestanden ved Gjende. Ferdsel etter den stikka løypa midt på Gjende er lite konflikfullt. Når det gjelder transport av randoneeskiløperer med hundespenn mener oppsynet at en bør følge med på denne økte trafikken til fjelltopper på vårparten.

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

§ 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»

Forvaltningsplan

Utdrag av kap. 8.9. **ORGANISERT FERDSEL:**


«Organisert ferdsel gjeld den ferdsla kommersielle firma innan reiselivet gjennomfører t.d. i form av fjellføring, fjellføring frå turisthytter og frivillige lag og organisasjonar si organiserte ferdsel, og dessutan ferdsel som skular og universitet o.a. har når dei ferdist som eit ledd i undervisninga i Jotunheimen og Utladalen. Ferdsel i verneområda er tillate. Etter framlegget til nye verneforskrifter er det forvaltningsplanen som skal fastsetje når organisert ferdsel treng særskilt løyve kan gå utover naturmiljøet og såleis treng eit løyve. - - - »

Om hundekjøring:

«Organisert hundekjøring har lite omfang i dag og utgjer såleis ikkje eit problem. Men organisert hundekjøring vil kunne bli eit problem om omfanget vert stort, t.d. i form av organiserte gruppeturar. Problemstillinga gjeld sommar og vinter. Det kan oppstå konflikt

både med andre brukargrupper (redsel for hundar, stor fart), forsøpling pga avføring frå hundar og støy frå mykje hundeglam. Dyrelivet (t.d. villrein) kan vere sårbart for hundar. Omfanget av hundekøyring er noko aukande, og nokre stader er særleg populære for overnatting. Forvaltningsstyresmakta set grensa ved at organisert bruk av meir enn 4 spann og/eller meir enn 20 hundar vil krevje løyve, eller dersom det er annonserte turar i same området fleire gongar kvart år, slik at organisert bruk av hundar, både sommar og vinter, er ei form for ferdsel som då vil krevje løyve frå verneforskrifta, jf framlegg verneforskrift - - -».

Kartet under viser sonedelinga i planutkastet fra 2008, som har vært brukt som veiledende:



I de grønne sonene er det veldig streng dispensasjonspraksis, og en forsøker å holde disse områdene mest mulig intakte – både av hensyn til biomangfoldet, og av hensyn til det å beholde lite tilrettelagte områder der en kan oppleve naturen uten inngrep og forstyrrelser.

I tillegg har en gjennom kartlegginger i åra etter 2008 fått avdekket særlig sårbare områder for enkelte fuglearter. Dette gjelder i første rekke hekkelokaliteter for rovfugl og våtmarksfugl. De sårbare områdene er ikke bare innen grønne soner, men også noen i gule soner på kartet fra 2008. Nyere innhentet kunnskap kan derfor gi grunnlag for revisjon av noen soner.

Naturmangfoldlova

Videre skal alle tiltak vurderes etter naturmangfoldlova §§ 8-12

Presedens

Det er nokså stor interesse for ulike arrangement i Jotunheimen, og mange firma driver guiding innen nasjonalparken. Flest er det som driver breføring og klatreturer eller toppturer. For å unngå uheldig presedensvirkning er det viktig å kanalisere arrangement til robuste deler av verneområdet. Vi har liten oversikt på aktører som kommer utenfra, men det bli enklere å nå fram til disse etter at vi har fått etablert et system som tydeliggjør krav til søknader og områder som må skjermes av hensyn til sårbare verneverdier.

Vurdering

Orienteringen fra Jotunheimen Husky Lodge viser at aktiviteten foreløpig ligger på et ganske lavt nivå innen nasjonalparken. Aktiviteten kan bidra til å utvide vinter- og vårsesongen også for andre bedrifter i området, og kan gi positive ringvirkninger for lokalt næringsliv. Bedriften viser til at det legges vekt på sporløs ferdsel og at alt søppel tas med ut igjen.

Det oppgis at «*alle overnattingsturer er planlagt med å følge stikka løyper*». Det står lite om konkrete traseer for de andre turene, så en har ikke grunnlag for å vurdere disse i forhold til f.eks. hekkelokaliteter. Det er ønskelig at en unngår de grønne sonene i forvaltningsplanen i størst mulig grad.

Det er vanskelig å foreta en konkret søknadsbehandling før en har fått oppdaterte føringer gjennom en forvaltningsplan som tar utgangspunkt i reviderte verneforskrifter fra 2014, men for all organisert aktivitet er det relevant å peke på områder som bør skjermes for enkelte aktiviteter i henhold til føringer i naturmangfoldlovas §§ 8-12.

Vurderinger etter naturmangfoldlova (nml) §§ 8-12:

Etter at vedlegg til forvaltningsplan med sonedelingskartet ble utarbeida, har en gjennomført kartlegging og sårbarhetsvurderinger for fugl i Øst-Jotunheimen (Høitomt og Opheim, 2015 og Høitomt, 2021). *Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8)* som framgår av rapporten fra 2015, viser at det er sårbare lokaliteter for fugl i områdene Veslådalen-Gjendebu-Storådalen, midtre og indre deler av Memurudalen (mot Surtningssue) og Øvre Leirungsdalen-Knutshøe. I disse områdene bør det ikke etableres leirplasser for overnatting med hundespenn og gjester.

Begrunnelse:

Ved leirslaging vil hunder og folk bli værende i området over et tidsrom på flere timer. Dersom de sky fuglene utsettes for gjentatte forstyrrelser, vil de trekke unna. Dette kan hindre pardannelse og etablering tidlig i sesongen, eller at det etter egglegging oppstår situasjoner der foreldrene må forlate reir med egg/unger så mange ganger at hekking mislykkes. Egg og unger er sårbare både overfor nedkjøling og overoppheting, og nyklekka unger er også avhengige av hyppig mating. De nevnte områdene bør derfor skjermes mot forstyrrelser som følger i forbindelse med leirslaging ved overnattingsturer med hundespenn.

Også *føre-var-prinsippet* og *økosystemtilnærming og samla belastning* (nml §§ 9-10) tilsier at det må vises særlig varsomhet med organiserte opplegg som kan medføre forstyrrelser som kan redusere sannsynligheten for vellykka hekking for flere rødlistearter av fugl.

Det er en fordel at bedriften allerede har et opplegg med å ta med all søppel ut og å gi gjester litt kunnskap om Jotunheimen og flora og fauna. I forkant av turene bør opplegget også inkludere informasjon om vernereglene i nasjonalparken jf. nml § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og arbeidsmetoder*). § 11 (*kostnader ved miljøforringelse*) blir vurdert som lite relevant, så lenge prinsippet med å ta med all søppel ut følges.

Konklusjon

Organisert ferdsel vil være et sentralt tema ved revisjon av forvaltningsplanen, og en vil på grunnlag av erfaringer med etablerte aktiviteter forsøke å komme fram til tydelige føringer for de ulike aktivitetene. Det vil her være viktig å gi forutsigbare vilkår som sikrer likebehandling av de ulike aktørene, og der en har fokus på å sikre verneverdiene i et langsiktig perspektiv. En må komme tilbake til mer konkrete dispensasjonsvurderinger etter å ha fastsatt overordna føringer for organisert ferdsel gjennom forvaltningsplanen, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.2.

Miljødirektorates M-415 | 2015 – *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder* – har følgende overordna prinsipp: «*Dersom det er motstridende målsettinger mellom ivaretagelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besøkende og lokal verdiskaping, skal ivaretagelse av verneverdiene tillegges størst vekt.*» Dette prinsippet vil stå sterkt ved utforming av reglene.

ST 8/2022 Eventuel